

NYHETER SEL HEIDAL BARN OG UNGDOM 10 ÅR PÅ HEIDAL SKULE

Desse elevane er halvvegs i eit unikt prosjekt - no har dei vore på residensopphald



Elevane i prosjektet «10 år på Heidal skule» har vore fem dagar på residensopphald på Harpefoss. Foto: Ida Lindsø Tho

Av Ida Lindsø Tho

Publisert: 10.06.23 08:18

Del

Klassa i kunstprosjektet «10 år på Heidal skule» er halvvegs i prosjektet. No har dei vore på residensopphald på Harpefoss.

For abonnenter

Residensopphald gir til dømes kunstnarar moglegheiter til å jobbe og oppholde seg ein anna plass enn i det miljøet ein er vant til.

– Det har vore ei bra veka. Det har vore artig. Vi har mellom anna drive mykje med dans, fortel elevane i det som vert kalla kunstklassa ved Heidal skule.

Inviterte klassa

Elevane i kunstprosjektet «10 år på Heidal skule» har vore ei veka på Harpefoss, kor dei har vore på residensopphald hjå Anna Sigmond Gudmundsdottir på Harpefoss kunstaren/ Harpefoss Hotel.

Anna Sigmond Gudmundsdottir er den tredje kunstnaren som er med klassa og involverer dei i sitt arbeid. Gjennom året med Gudmundsdottir har dei jobba med måleri og teikning, og dei held på med eit veggmåleri som skal ferdigstilt til hausten.



Under opphaldet på Harpefoss har dei jobba med eit danseprosjekt. Foto: Ida Lindsø Tho

Eit aspekt ved prosjektet er at klassa skal vere med kunstnarane på deira arbeidsplass, og difor inviterte Gudmundsdottir dei til Harpefoss der ho bur og jobbar.

Elevane går no i 5. klasse, og er halvvegs i prosjektet som varar til dei er ferdig med 10. klasse.

– Det er veldig rart at vi er halvvegs no. Det har gått veldig fort. Som prosjektleiar vil eg seie at det har gått ganske knirkeframt fram til no. Det har gått etter planen, seier prosjektleiar Kjersti Myrehagen.

– Veldig imponert

I laget av veka på Harpefoss har dei mellom anna jobba med eit utandørs danseprosjekt saman med dansar og koreograf Lone Eivindsdottir, og laga collagar saman med Rebekka Eivindsdottir. Dette fekk publikum sjå fredag ettermiddag.



Elevane synte fram kva dei har jobba med under opphaldet til publikum. Her frå generalprøva. Foto: Ida Lindsø Tho

Prosjektleiar Kjersti Myrehagen fortel at måndag og tysdag reiste klassa på dagstur til Harpefoss, medan dei frå onsdag til fredag har overnatta.

– Eg er veldig imponert av klassa. Det har vore lange dagar og dei har vore veldig konsentrerte. Og vi har kosa oss.



Klassa har jobba med collagar, som fungerte som scenografi under forestillinga. Foto: Ida Lindsø Tho

Cathrine Gjerdel er læraren til klassa. Ho seier det har vore ei fantastisk flott veka, og ho trur at det å gjere slike ting har mykje å seie for det sosiale i klassa.

– Og så trur eg at det er med på at dei føler på meir eigarskap til prosjektet, seier ho.

Danseprosjekt

Lone Eivindsdottir har hatt workshop i dans og performance med klassa medan dei har vore på Harpefoss. Ho er dansar, koreograf og kunstnar.

Dei to første dagane jobba dei mykje med oppgaver som handlar om forskjellige måtar å bruke og bevege kroppen sin på. Dei har også jobba med improvisasjon.



Lone Eivindsdottir har hatt workshop med klassa. Foto: Ida Lindsø Tho

Dei siste to dagane har dei sett saman ulike ting dei har jobba med til ei forestilling. Eivindsdottir opplyser at det er ei blanding av teater, dans og performance. Elevane har kome med mange «mangel spel», og dei har dei alltid tatt inn, fortel ho.

– Det har vore skilleleg firi å jobbe med dotte. Det har vore veldig lærerik, og dei har testa meg også. Vi har hatt ein god dynamikk i det å jobbe saman og dei har vore veldig inspirerte. Det har vore ein avsluttende prosess enn det eg brukar ha, fordi dei har kome med spørsmål og ikkje tenkte dei ville spørje, seier Eivindsdottir.

– Tenkte at dette vil eg vere med på

Anna Sigmond Gudmundsdottir seier at ho takka ja med glede, då ho fekk spørsmålet om ho kunne tenke seg å ta del i «10 år på Heidal skule».

– Eg tykkjer det er eit viktig prosjekt, og tenkte at dette vil eg vere med på.



Anna Sigmond Gudmundsdottir er den tredje kunstnaren som følger klassa. Foto: Ida Lindsø Tho

Ho har ikkje erfaring med å jobbe med ungar på denne måten frå før, men etter å ha følgd elevane ei stund meiner ho at fleire kunstnarar burde jobbe med ungar.

– Det har vore veldig interessant å sjå korleis dei har kasta seg ut i det Kjersti Myrehagen legg til at det er ei læringskurve både for elevane, men også for kvar enkelt kunstnar som er med i prosjektet.



Forestillinga til elevane var utan musikk. Foto: Ida Lindsø Tho

Prosjektet blir dokumentert av filmregissør Merethe Offerdal Tveit, med Barbara Hollan bak kamera, og blir statta av KORO, Sparebankstiftelsen, Kulturdirektoratet og Oppland fylkeskommune.

Les mer om: [Nyheter](#) [Sel](#) [Heidal](#) [Barn og ungdom](#) [10 år på Heidal skule](#)